

Til Utval for kultur, idrett og regional utvikling

11.09.2017

Hardanger Bordtennisklubb har sendt klage på vedtaket om at me ikkje får støtte til Senior-NM i bordtennis 2017. Etter å ha lese innstillinga i klagesaka vil me koma med fylgjande innspel:

Me held fast på at me ikkje har søkt om støtte til annonsering, som var argumentet til fylkesutvalet for å ikkje gje oss støtte. Me søkte om støtte til meisterskapen – ikkje til annonsering. Me held også fast på det er forskjellsbehandling når me ikkje får støtte og Strandebarm IL får det. Me viser her til at det også i innstillinga i klagesaka står at: «Dei to arrangementa kan på mange måtar samanliknast»

I innstillinga i klagesaka kjem det no ny argumentasjon for å ikkje gje Hardanger BTK støtte. Me reagerer på at dette skjer. Me oppfattar dette som at ein frå fylket si side no ser at argumentasjonen som det opprinnelege vedtaket var fatta på, ikkje held mål. I staden for å akseptera klagen, går ein inn i saka for å finna nye grunnar til å ikkje gje støtte.

Det nye argumentet er som fylgjer: «Søknaden er mangelfull i høve presisering av økonomi og finansiering.» Argumentet kunne i og for seg vore greitt nok, men då må me informera om fylgjande: I søknaden vår bad me fylket ta kontakt dersom dei ynskte meir informasjon. Det gjorde fylket. Dei stilte ei rekkje spørsmål til oss, og fekk gode svar på alle. Berre eitt av spørsmåla gjaldt økonomi. Det var om kor vidt me hadde fått støtte frå kommunen. Me svara at det hadde me fått. Kommunen gav forøvreg same støtte til oss og Strandebarm IL .

Me reagerer også på fylgjande formulering i innstillinga i klagesaka: «Etter at saka vart sendt til handsaming kom det tilbakemelding på Kvam herad hadde løyvd kr. 15.000 til dette arrangementet. Det same vart løyvd til NM i terrengløp i Strandebarm.» Det korrekte er at fylket spurte oss om me hadde fått støtte, og me svara på dette. At fylket spurte oss etter at saka vart sendt til handsaming kan i alle fall ikkje me lastast for.

Fylket fekk altså svar på alt dei ville vita vedrørande NM. Dei spurte ikkje meir om økonomi og finansiering, og då reagerer me på at manglande informasjon om dette vert nytta som nytt argument for å ikkje gje oss støtte. Me kan leggja til at Kvam herad bad om tilsendt budsjett og fekk dette. Dersom fylket hadde bede oss senda budsjett eller meir informasjon om økonomi og finansiering hadde me gjort dette.

Me ser framleis på vedtaka i saka som forskjellsbehandling, og bed fylket gjera om vedtaket i vår sak. Samstundes meiner me at fylket bør gå gjennom rutinane sine i såne saker. Det kan ikkje vera slik at nesten identiske søknadar vert handsama så ulikt.

Med venleg helsing

Jack Feng

Leiar